

Sosial læreplan



Stranda skule sin visjon:

Trivsel, leik og læring - hand
og hand mot framtida.

INNHALDSFORTEGNELSE

INNLEIING.....	2
ORDENSREGLEMENT FOR STRANDA SKULE.....	4
REGLAR.....	6
NÅR EG IKKJE FØLGJER REGLANE:.....	7
ALLE SKAL TRIVST OG FØLE SEG TRYGGE.....	8
OPPLÆRING I SOSIALE DUGLEIKAR.....	9
SKULE – OG KLASSEMILJØTILTAK.....	10
SKULEMILJØTILTAK.....	10
ÅRSJUL MED SOSIALE MÅL.....	11
KLASSEMILJØTILTAK.....	13
KLASSELEIING.....	13
SKULE – HEIM SAMARBEID.....	14
FORVENTNINGSPLAKATAR.....	16
STRANDA SKULE.....	16
Forventningar til elevar.....	17
på Stranda skule.....	17
Forventningar til føresette ved Stranda skule.....	18
Forventningar til tilsette på Stranda skule.....	19
FADDERORDNINGA PÅ STRANDA SKULE.....	20

INNLEIING

Stranda skule har i mange år hatt fokus på elevane sin sosiale kompetanse, og på det psykososiale læringsmiljøet. Skulen sin sosiale læreplan har vore revidert fleire gonger, og er heile tida i endring.

Kapittel 12 i opplæringslova slår fast at elevane har rett til eit godt psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Kunnskapsløftet seier vidare om utviklinga av elevane sin sosiale kompetanse: «For å utvikle den sosiale kompetansen til elevane skal skulen leggje til rette for at dei i arbeidet med faga får øve seg i ulike former for samhandling, problem og konflikthandtering. Elevane skal utvikle seg som sjølvstendige individ som vurderer konsekvensane av og tek ansvaret for eigne handlingar. Opplæringa skal medverke til å utvikle sosial tilhøyrse og meistring av ulike roller i samfunns- og arbeidslivet og i fritida.» Vidare står det at opplæringa skal fremje kulturforståing og medverke til å utvikle både sjølvinnsikt og identitet, respekt og toleranse.

Den sosiale læreplanen til Stranda skule er eit konkret arbeidsverktøy for alle dei tilsette. Planen skal vere styrande for den daglege aktiviteten på skulen, og den skal vere med på å utvikle elevane sin sosiale kompetanse og det psykososiale miljøet på ein god måte. Alle tilsette skal følge dei kommunale rutinane gjennom “Trygt og godt skulemiljø”, med skjema, mal og flytkart som ligg [Trygt og godt læringsmiljø - Førebygging/handtering av mobbing - Compilo](#).

Skulen har laga forventningsplakatar til elevane, tilsette og føresette. Dette vil bidra til at ein når dei måla som læreplanverket set på desse områda.

Elevrådet har ei viktig rolle i utviklinga av eit godt og inkluderande elevmiljø. Elevmedverknad inneber deltaking i avgjerder som gjeld elevane sitt fysiske og psykososiale læringsmiljø. Elevmedverknad er positivt for utviklinga av sosiale relasjonar og for all læring.

Samarbeidet mellom skule og heim er eit sentralt tema i planen. Eit godt fungerande samarbeid er avgjerande for å skape gode læringsvillkår for kvar einskild elev og for eit godt læringsmiljø i gruppa og på skulen. Ein føresetnad for godt samarbeid er god kommunikasjon, gjensidig kommunikasjon om god fagleg og sosial utvikling og om trivsel. Samarbeidet mellom skule og heim er eit gjensidig ansvar, men skulen skal ta initiativ og leggje til rette for samarbeidet.

Vi vil at denne planen skal vere ein god arbeidsreiskap for tilsette og foreldre og at planen vil vere viktig i utviklinga av elevane sin sosiale kompetanse og det psykososiale miljøet.

Stranda skule, 1.8.2025

Christel Lewington Brown
Rektor

SKULEREGLAR

FOR STRANDA SKULE.

Alle skular skal ha skulereglar. Reglementet skal årleg gjerast kjent for elevar for foreldre (Opplæringslova §12).

Vi ber om at *alle* les gjennom og samtalar med eleven om reglane, slik at ein sikrar forståing.

Signer og returner svarslippen til skulen, eller signer via Vigilo.

Rettar:

Alle elever har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring. Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vold, diskriminering og trakassering (Opplæringslova §12-2 og §12-3).

Skulen skal heile tida jobbe for eit best mogeleg skulemiljø og at skulen skal opplevast som trygg og god for elevane. Elevane har rett til å ta del i planlegging og gjennomføring av arbeidet med eit trygt og godt skulemiljø (Opplæringslova §12-4) Jamfør skulen/kommunen sin plan for eit trygt og godt skulemiljø.

Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.

Plikter:

1. Du skal møte presis til timane, vere førebudd og ha orden i skrivesaker og anna utstyr. Du har ansvar for dei skulesakene du får utdelt.
2. Du skal vere ute i friminutta (innanfor skulen sine oppmerka område) om ikkje lærar gir deg lov til anna.
3. Du skal vise respekt for andre og ha omsorg for andre. Dersom nokon kjem opp i konflikt skal du alltid seie frå til ein vaksen (Opplæringslova §§10-2 og 10-4).
4. Du skal gje andre arbeidsro i klassen.
5. Mobiltelefon og anna elektronisk utstyr skal normalt vere avslått i skuletida, med mindre rektor har gjeve løyve til noko anna.
6. Du skal ha orden på tinga dine i klasserom og i gang. Alle skal ha innesko og det skal alltid vere rydda på plassen din når skuledagen er over.
7. Hette, lue og cap skal vere av hovudet når du er inne på skulen.
8. Snøballkasting er kun tillate på oppsett blink (Bassengveggen, endevegg ved trinn 2, og vegg ved "klatreregnboge" i Tarzan-løypa).
9. Tek du buss heim skal du finne din plass i køen. Du skal ikkje snike eller dytte nokon. Du skal stå bak oppmerka strek til bussen stopper.
10. Du skal følgje skulen sitt digitale ordensreglement når du bruker skulen sitt digitale utstyr (pc, chromebook, ipad eller smartboard). Du finn det som oppslag i klasserom og på skulen si heimeside.

Konsekvensar ved brot på ordensreglane:

1. Om du bryt ordensreglane, vil læraren i første omgang visa deg til rette, samtale med deg og setje i verk tiltak for å få deg til å endre åtferd.
2. Dersom åtferda framleis ikkje blir betre vil foreldre bli kontakta, først munnleg melding, vidare skriftleg melding om brot på skulereglane.
3. Dersom det med hensikt eller grov aktløyse blir gjort skade på noko innanfor skuleområdet, kan det krevjast erstatning. Vaske,- rydde- og reparasjonsarbeid kan og bli aktuelt.
4. Inndraging av mobiltelefon eller anna privat utstyr, leikar og anna, som verkar forstyrrande. Inndraging for resten av dagen.
5. Inndraging av utstyr som vert brukt på ein farleg eller provoserande måte. Inndregne gjenstandar kan hentast av føresette.
6. Skulen er ikkje ansvarleg for personlege eigedelar til elevane eller andre som brukar skulebygget.
7. Å bli halde igjen etter skuletid kan bli aktuelt dersom ein elev:
 - ikkje gjer heimearbeid,
 - når dei ikkje brukar timane effektivt,
 - eller unødig somlar bort eiga, medelevar eller lærar si tid.Før eit slikt tiltak blir sett i verk skal eleven ha anledning til å forklare seg. Føresette må varslast.
8. Bortvising frå einskildtimar eller for resten av dagen (Opplæringslova §13-1). Det er rektor som vedtar bortvising etter å ha rådført seg med lærar til eleven. Før det blir gjort vedtak om bortvising skal ein vurdere andre tiltak. Føresette må varslast før bortvising.
9. Grove tilfelle av vald/hærverk vil bli meldt til politiet med krav om erstatning.

Evaluering og handsaming av skulereglane skal gå føre seg kvart år av FAU/SMU, samarbeidsutvalet, personalet og elevrådet ved skulen.

Klassereglar og gangreglar:

På Stranda skule har vi egne klassereglar og gangreglar som elevane skal fylgje. Desse skal hengje lett synlege i klasseromma.

Stranda skule

Dato Underskrift rektor

01.08.25 Christel Lewington Brown

SVARSLIPP SKULEÅRET 2025/26

Vi stadfestar at vi har lese og samtala om skulen sine ordensreglar. Signer og returner til kontaktlærar snarast mogleg.


Elev..... Klasse trinn.....

Føresett.....

REGLAR




1. Eg sit i ro på plassen min



2. Eg rekk opp handa når eg vil snakke



3. Eg lyttar når andre snakkar



4. Eg snakkar fint til både vaksne og andre elevar.

NÅR EG IKKJE FØLGJER REGLANE:



1. Ein vaksen minnar deg på reglane



2. Samtale med ein vaksen i friminuttet



3. Ringe heim



4. Samtale med rektor

ALLE SKAL TRIVST OG FØLE SEG TRYGGE.

På Stranda skule skal alle trivst og føle seg trygge. Vi har trivselsreglar som fortel oss korleis vi skal oppføre oss mot kvarandre.

Det er viktig at desse reglane vert drøfta i klassene med jamne mellomrom, og alltid i august og januar.

Trivselsreglane er knytt opp til karakterstyrkane frå programmet SmartOppvekst. Klassane diskuterer kvar einskild regel og konkretiserer kva ein meiner i praksis. Vi kan nytte noveller, songar, film, rollespel og liknande i dette arbeidet.

TRIVSELSREGLAR:

- ★ Vi vil at alle skal bry seg om kvarandre.
- ★ Vi vil at alle skal føle seg trygge på skulen og på skulevegen.
- ★ Vi vil at alle skal seie frå til ein vaksen om dei veit at nokon
- ★ vert plaga.
- ★ Vi vil ta vare på skulen og på tinga våre så godt vi kan.
- ★ Vi vil gjere så godt arbeid vi kan, både på skulen og heime.
- ★ Det er lov å vere sinna, men det er ikkje lov å slå eller banna.
- ★ Det er lov å vere i godt humør.

Trivselsreglane skal henge lett synlege for elevane.

Gjennom desse reglane ynskjer vi mellom anna å fremje eit positivt elevmiljø og styrke elevane sin sosiale kompetanse. Vi vil legge vekt på arbeidet med følgjande læringsområde:

- ★ omsorg
- ★ samarbeid
- ★ ansvar
- ★ sjølvkontroll
- ★ respekt
- ★ humor og glede

OPPLÆRING I SOSIALE DUGLEIKAR

- ★ Sosiale ferdigheiter må lærast.
- ★ God oppførsel kjem ikkje automatisk.
- ★ God folkeskikk er dei uskrevne reglane folk bruker når dei er saman.
- ★ Det er viktig at alle dei vaksne signaliserer dei same haldningane i samvær med borna.

Tema å arbeide med i klassane er:

- | | |
|--------------------|--|
| -Omsorg: | -samtalar i klassa
-trene opp ordforråd
-gjere elevane bevisste på kjensler og haldningar
-lære elevane å lytte til kvarandre |
| -Sjølvkontroll: | -lære å kontrollere kjenslene sine
-lære elevane sjølvinnstikk
-drøfte problemsituasjonar i klassa, sjå ting frå utsida
-lære å meistre å bli avvist
-lære å meistre frustrasjon
-lære å vente på tur |
| -Respekt: | -eg tør å seie meininga mi
-eg tør å seie nei |
| -Konfliktløysing: | -rollespel
-drøfte ulike problemløysingar |
| -Ansvar og omsorg: | -lære seg å følgje klassereglane
-lære seg å ta ansvar for medelevar
-lære seg å ta omsyn til medelevar
-lære seg å kjenne ansvar for det sosiale og det faglege miljøet |
| -Humor og glede: | -gje rom for spontane innspel frå elevane |

Spesielt for dei eldste elevane:

- ★ Innhaldet i fadderordninga
- ★ Kva er gode rollemodellar
- ★ Ansvar ved fellesarrangement

SKULE – OG KLASSEMILJØTILTAK

På Stranda skule erkjenner vi at arbeid med skule- og klassemiljøtiltak er svært viktig for å fremje trivsel og tryggleik på skulen. Vi er klar over at positive elevtiltak fremjar ein positiv elevframferd, og vi erkjenner og at dette arbeidet er viktig som førebyggjande tiltak mot mobbing.

SKULEMILJØTILTAK

- ★ Vi vil ha eit attraktivt og variert utemiljø som gjer at elevane driv med positive aktivitetar i utetida.
- ★ For å halde oppe og forbetre standarden på utemiljøet, har vi dugnad ein gong i året (FAU).
- ★ Alle trinna har ordenselevar i gruppene sine; dei hjelper til med små oppgåver som t.d. vurdering av garderobe.
- ★ Vi nyttar “Blinken” på småtrinnet for å vurdere garderobane.
- ★ Vi har ordensteneste kvar veke.
- ★ Inspeksjonssystemet må vere godt slik at vi kan gripe inn i konflikhtar før dei utartar seg til eit mobbeprobblem.
- ★ I friminutta og før skuletid er det tilstrekkeleg med vaksne til stades i lag med elevane.
- ★ Det er vaksne som følgjer elevane til bussen og tek imot dei om morgonen når dei kjem til skulen.
- ★ Skulen har eigen handlingsplan mot mobbing.
- ★ Vi skal ha felles aktivitetar for alle elevane og dei vaksne t.d. prosjekt, skuleturar, aktivitetsdag, fjelltur, karneval, julefest, morgonsamling, månadens song, og kafé.
- ★ Skulen sine trivselsreglar skal handsamast saman med elevane kvart år.
- ★ Vi vil invitere FAU til å arrangere fritidsaktivitetar for elevane etter skuletid.
- ★ Elevrådet skal vere ein viktig støttespelar i arbeidet med klasse og skulemiljøet.



ÅRSHJUL MED SOSIALE MÅL

Månad	Område	Mål	Delmål	Kriterier for klassetrinn
August	Å ta ansvar	Vi følgjer reglar og beskjedar.	Eg kan klassen og skulen sine reglar. Eg veit kva klassereglar vi har.	Kvart trinn lagar kriterier.
September	Respekt	Vi har god orden og oppførsel.	Eg har orden i tinga mine. Eg helsar på andre kvar dag.	Kvart trinn lagar kriterier.
Oktober	Humanisme	Vi bryr oss om kvarandre.	Eg hjelper andre. Eg er ein god ven. Eg oppmuntrar andre.	Kvart trinn lagar kriterier.
November	Sjølvtillit	Vi respekterer oss sjølv og andre.	Eg godtar at vi er forskjellige. Eg kan presentere meg. Eg vågar å bidra i klassen.	Kvart trinn lagar kriterier.
Desember	Takksemd	Vi er hyggelege mot kvarandre.	Eg kan dele med andre. Eg kan hjelpe andre. Eg kan samarbeide med andre.	Kvart trinn lagar kriterier.

Januar	Omsorg	Vi følgjer skulen sine trivselsreglar.	Eg kan følgje oppsette reglar. Eg gjer dei oppgåvene eg skal. Eg gjer mitt for å skape god arbeidsro.	Kvart trinn lagar kriterier.
Februar	Humor	Vi tør å vere oss sjølve.	Eg kan be om hjelp. Eg vågar å stå imot press. Eg har tru på meg sjølv.	Kvart trinn lagar kriterier.
Mars	Læringsglede	Vi tilpassar oss til kvarandre.	Eg kan løyse ein konflikt med ord. Eg kan svare på ein fin måte. Eg kan vente på tur.	Kvart trinn lagar kriterier.
April	Å vera målretta	Vi tek omsyn til kvarandre.	Eg tenkjer meg om før eg snakkar. Eg forstår at menneske er ulike. Eg tek omsyn til gruppa mi.	Kvart trinn lagar kriterier.
Mai	Sjølvkontroll	Vi har det fint rundt oss.	Eg kastar ikkje søppel i naturen. Eg er med og pyntar rundt skulen. Eg ryddar etter meg. Eg har respekt for eigne og andre sine ting.	Kvart trinn lagar kriterier.
Juni	Samarbeid	Vi bryr oss om kvarandre.	Eg er venleg. Eg har omtanke for andre. Eg kan be om unnskyldning.	Kvart trinn lagar kriterier.

KLASSEMILJØTILTAK

- ★ Vi må ha klassereglar som fortel korleis vi oppfører oss mot kvarandre (positive). Alle klassane jobbar med klassereglar kvar haust. Klassereglane skal drøftast i elevrådet. Oppfølging kan skje i klassemøte, og som ein naturleg del av undervisninga.
- ★ Vi skal ha gangreglar som visar korleis vi skal oppføre oss i gangen.
- ★ Nytte klassemøte minst ein gong pr. mnd, og elles etter behov. Gjer dette gjerne i Mitt Val/Smart-timane. Klasse og skulemiljøet er viktige saker å drøfte i klassemøtet og i elevrådet.
- ★ Samarbeid og gruppearbeid er ein viktig arbeidsform. Dette kan gjerne knytast til leik og temaarbeid på alle trinn.
- ★ Det må leggjast til rette for differensiert undervisning, og vi må få elevane til å forstå at ulike elevar må kunne jobbe med ulike oppgåver til same tid.
- ★ Klassekontaktane tek ansvar for eit til to miljøskapande tiltak for klassen kvart år. Dette for å styrkje samkjensla i klassen.
- ★ Fellesaktivitetar som styrker samkjensla i klassen kan vere:
 - ❖ turar
 - ❖ tilstellingar
 - ❖ heimebesøk hos kvarandre
 - ❖ klassefestar
 - ❖ elevkveldar
 - ❖ hemmeleg ven
- ★ Alle dei vaksne på skulen skal til kvar tid, i ord og handling, vise at alle elevar er like mykje verd.
- ★ Skulen og foreldre skal drøfte rutinar og reglar klassen har, kva som er god oppførsel og skule og klassemiljøet.
- ★ Alle lærarar, fagarbeidarar og assistentar som er inne i klassen må kjenne klassane sine reglar og rutinar godt.
- ★ Kontaktlærer skal ha elevsamtale med elevane ein gong kvart halvår.

KLASSELEIING

På Stranda skule erkjenner vi at god klasseleiing er ein viktig føresetnad for at elevane skal oppleve eit trygt og godt klassemiljø og god læring. Vi har som mål å skape eit positivt klima i klassene, som byggjer på gode relasjonar mellom elevane, og mellom lærarar og elevar.

Dette meiner vi skal til for å lykkast:

- ★ god og systematisk undervisningsplanlegging
- ★ kollektiv formidling i starten av timen
- ★ eintydige og synlege læringsmål, til dømes på tavla
- ★ skape eit positivt klima og arbeidsro i klassane
- ★ tydelege beskjedar
- ★ tydelege tilbakemeldingar om innsats, åtferd og læring
- ★ eit læringsmiljø som er prega av inkludering og respekt
- ★ humør og varme pregar læringsmiljøet
- ★ bruk av kognitive strategiar som støttande dialog, spørsmål, klargjering og oppsummering
- ★ utvikle elevane sin læringsstrategiar
- ★ undervisninga har god og tydeleg struktur
- ★ undervisninga har ein markert start og avslutning, med mål for timen synleg for elevane.

Skulen sin handlingsplan for eit positivt elevmiljø skal være med å støtte opp under dette arbeidet, og gjennom arbeid med reglar og forutsigbare konsekvensar.

Lærarane skal få høve til å utvikle seg som klasseleiarar gjennom kursing, samarbeid med kollegaer og rettleiing frå skuleleiinga. Etter avtale med leiinga kan skulevandring gjennomførast, for å kunne gje god rettleiing til den einskilte lærar i arbeidet i klasserommet.

SKULE – HEIM SAMARBEID

På Stranda skule meiner vi at eit godt og nært samarbeid med dei føresette er ein viktig føresetnad for at elevane skal lukkast i skulen. Foreldra har ein viktig rolle i den faglege og sosiale utviklinga til barnet. Skulen skal legge til rette for samarbeidet, og behandle foreldra som ein jevnbyrdig part i opplæringa. Skulen skal vere tydeleg i sine forventningar til foreldra i samband med skulegongen, og foreldra skal vere kjende med kva skulen skal bidra med.

Vi ynskjer at skule - heim samarbeidet skal vere prega av:

- ★ open kommunikasjon
- ★ felles forståing for ansvar og oppgåver
- ★ toleranse
- ★ gjensidig tillit og respekt
- ★ likverd
- ★ god informasjonsflyt begge vegar
- ★ felles haldningar overfor barna
- ★ sosiale tiltak for eit godt miljø

Skulen forventar av dei føresette at dei:

- har auge for heilskapen i skulesamfunnet - ikkje bare sitt eige barns situasjon
- har ein god dialog med kontaktlærar
- dagleg les informasjon frå skulen, og ser til at riktig utstyr er med til skulen
- møter på foreldremøta og utviklingssamtalane om barnet
- tek snarleg kontakt med skulen når det er noko dei lurar på
- gjev tilbakemelding på utspel frå skulen (ris og ros)
- er positive i omtalen av skulen overfor barna, og tek opp vanskelege ting direkte med skulen
- informerer skulen om viktige hendingar i barnas liv (dødsfall, skilsmisser etc.)
- set seg inn i, og støttar opp om skulen sine reglar og normer for oppførsel
- støttar opp om skulearbeid og lekser
- syt for at barna møter utkvilt på skulen, har ete frukost, og har med seg nistemat

Skulen forventar av elevane at dei:

- ★ møter presis til timane og med nødvendig utstyr
- ★ behandlar barn og vaksne med respekt og omtanke
- ★ gjer skulearbeid og lekser så godt dei kan
- ★ følgjer klassa og skulen sine reglar
- ★ tek vare på skulen og skulen sin eigedom

Foreldra kan forvente av skulen at vi:

- arbeider for å skape eit trygt og godt miljø, og syner omsorg og respekt for kvar einskild elev
- er trygge og tydelege vaksne
- bidreg med fagleg kunnskap
- arbeider for å ha eit godt læringsmiljø, der elevane får tilpassa opplæring
- nyttar ressursane, og organiserer elevgruppene på ein best mogeleg måte

- informerer og samarbeider med foreldre og andre lærarar om elevane sin faglege og sosiale utvikling
- at vi opptrer som eit lag med felles haldningar til barn og føresette
- har respekt for heimen sin eigenart
- informerer om mål, planar og resultat
- har rask oppfølging av uønska åtferd

FORVENTNINGSPLAKATAR

STRANDA SKULE

- ❖ Desse plakatane skal vere synlege for elevane og dei tilsette. Dei vert sendt heim til foreldre/føresette i byrjinga av kvart skuleår.



Forventningar til elevar på Stranda skule

- Seie "hei" til andre barn og vaksne.
- Seie "takk" når du får noko.
- Seie "unnskyld" viss du har såra nokon.
- Snakke fint til, og om kvarandre.
- Være høflege og hyggelege mot alle.
- Seie ifrå til ein vaksen om du opplev stygg språkbruk.
- Vise respekt med ord, kroppsspråk og mimikk.
- Seie nei til utestengning, erting og mobbing.
- Det er plass til alle i leiken.

Gullregel:

"Det eg seier og gjer skal vere bra for andre
og bra for meg sjølv"



Forventningar til føresette ved Stranda skule

- Snakke heime om akseptabel språkbruk og forventningar til eige barn.
- Vere gode rollemodellar.
- Følgje med på kva bornet ditt ser på/gjer på nettet, sosiale medier, TV og spel.
- Snakke positivt om skulen, andre elevar og føresette.
- Ha ein open dialog med skulen, slik at vi saman kan stoppe uakseptabelt språk og åtferd.
- Ha tydelege forventningar til eige og andre sine born. Ta direkte kontakt med andre føresette om hendingar som skjer på fritida.
- Bidra til å byggje eit godt klasse-/trinnmiljø.

Gullregel:

*"Forsterke og rose god folkeskikk og god språkbruk/åtferd -
ha fokus på det vi ønskjer meir av"*



Forventningar til tilsette på Stranda skule

- Helse på born og vaksne.
- Vere gode rollemodeller for elevane.
- Ha nulltoleranse mot bruk av banneord, skjellsord, krenkande ord og atferd.
- Vere tilstade og byggje gode relasjonar i klassemiljø, skulemiljø, overgonger, friminutt og SFO.
- Følgje opp, gripe inn og ha tydelege forventningar.
- Rettleie elevar som treng støtte.
- Ta elevane på alvor ved å møte dei med varme grenser og respekt.
- Bidra til godt samarbeid og god informasjonsflyt slik at elevane opplev at alle tilsette er samkjørte.
- Gje god informasjon til elevane.
- Informere og samarbeide med føresette.

Gullregel:

*"Forsterke og rose god folkeskikk og god språkbruk/atferd -
ha fokus på det vi ønskjer meir av"*

FADDERORDNINGA PÅ STRANDA SKULE

Stranda skule har fadderordning for elevar som byrjar i 1.klasse.

- ★ Elevane i 6.klasse er fadrar for elevane i 1.klasse.
- ★ Elevane i 7.klasse er fadrar for elevane i 2.klasse.

Den viktigaste oppgåva til fadrane er å gjere fadderbarna trygge i skulemiljøet. Erfaringa vår tilseier at det er i dei første møta med skulen og det første skuleåret at behovet er størst. Det er viktig med god dialog mellom lærarane på dei ulike trinna, slik at avtalar og aktiviteter blir gjennomført.

Når elevane startar i 2.klasse ser vi at behovet for fadderordninga ikkje er så stor. Vi ønskjer å fortsetje med arbeidet, og ha leik på tvers eller uteskuleaktivitetar. Fadrane og fadderbarna held likevel ofte god kontakt det andre skuleåret, men dette er ut frå kva dei sjølv ønskjer. Det kan kjennast trygt for elevane at dei er godt kjende med nokon av dei eldste elevane.

INNSKRIVING

- ★ Innskriving i Øygarden kommune er elektronisk. Foreldre kan i spesielle høve ta kontakt med skulen for å dele informasjon.
- ★ Ukjende faktorar som påverkar samfunnet vårt - slik som Covid-19 - kan føre til endringar rundt dette med førskuledagar og logistikk kring dette.

FØRSKULEDAGAR

- ★ Dei nye elevane kjem på skulen ein eller to dagar i mai/juni
- ★ På førskuledagen får fadderbarna ei skriftleg helsing frå fadrane sine.
- ★ På førskuledagen skal fadrane gjere fadderbarna kjende på skulen.
- ★ På førskuledagen vert fadrar og fadderbarn kjende med kvarandre, og har det kjekt i lag.

FØRSTE SKULEÅRET

- ★ I friminutta skal fadrane sjå til at fadderbarna har det bra og finn seg til rette.

- ★ I samband med undervisninga i mat og helse skal 6.klasse lage eit felles måltid for 1. og 6.klasse.
- ★ Det er eit mål å ha tre aktivitetar saman i løpet av skuleåret. Dette avtalar lærarane.

TIPS TIL AKTIVITETAR

- ★ Lese for elevane i 1.klasse
- ★ Spele spel saman
- ★ Gå tur i lag
- ★ Hjelpe til med formingsaktivitetar

Forslag til plan for faddertid:

1. og 6.klasse

- ☐ Førskuledag; fadrane lagar kort/teikning til fadderbornet sitt, og leiker med dei.
- ☐ 1 friminutt kvar dag; lærarane på 1. og 6.trinn avtalar.
- ☐ 1 utea.ktivitet i månaden heile året; uteskuledag, stasjonar, tur.
- ☐ Høgtlesing/leik saman

2. og 7.klasse

- ☐ 1 aktivitet i kvart kvartal
- ☐ Høgtlesing/leik saman